



Cerebral Parese-foreningen

Det burde ikkje vere ein pott på det å få vere i aktivitet

Aktivitetshjelpemiddel er hjelpemiddel som er spesielt eigna for at personar med funksjonshemming skal kunne vere fysisk aktive i sin kvardag. For dei som er under 26 år så får ein dette dekkja gjennom folketrygdlova, mens for dei over 26 år blir det kvart år avsett ein pott pengar som skal gå til å dekke desse hjelpemidla. Burde det eigentleg vere ein pott på det å få vere i aktivitet?

Cerebral Parese(CP) er ein livslang diagnose som påverkar motorikk og koordinasjon i større eller mindre grad. Diagnosen i seg sjølv blir ikkje verre, men konsekvensen av den kan endre seg over tid særleg etter fylte 35 år. Forsking på dette viser at det å vere fysisk aktiv og stimulere muskulaturen kan føre til mindre smerter, meir rørsleevne, og mindre spastisitet vidare også i det vaksne livet med CP. Aktivitet er viktig for folk generelt for å kunne ta del i eit sosialt liv saman med venner og kjente. Visst ein har CP kan ein ikkje gå å kjøpe seg ein sykkel eller eit par ski, ofte krev det noko meir tilrettelegging og tilpassing for å kunne utføre aktiviteten.

Dagens ordning av aktivitetshjelpemiddel fungerer dårleg. No er det sånn at dersom potten går tom så kan personar ikkje få aktivitetshjelpemiddel før året etter. I år gjekk potten tom 26 januar som vil seie at folk nesten ikkje fekk moglegheit til å søke ein gong. I tillegg så har det skjedd ei auke frå 5000 kr til 7000kr på i eigenandel på eit år som kvar person må betale for å få eit slikt hjelpemiddel. For vår gruppe gjer denne eigenandelen det vanskeleg å i det heiletatt kunne søke på eit aktivitetshjelpemiddel då mange står utanfor arbeidslivet, jobbar deltid eller mottok trygdeytningar. Det har og komme eit vedtak på at brukte aktivitetshjelpemiddel har ein lågare eigenandel på 2000 kr, dette er godt tenkt då det kan gjere at fleire kjem seg i aktivitet, men det fungerer dessverre ikkje slik i praksis. Dei med større samansette utfordringar kan ofte ikkje nytte seg av brukte hjelpemiddel då dei treng det ekstra spesialtilpassa ein sjølv med tanke på for eksempel balanseevne. Det ein og ser er at akkurat desse personane ofte hamnar utanfor arbeidslivet og dermed har mindre å rutte med enn dei som står i arbeid. Altså dei får ikkje moglegheit til å danne seg eit sosialt nettverk med aktivitet som andre jamnaldrande.

Vi meiner alternativet vil vere å få på plass ein overslagsløyving over folketrygda, slik det er for andre hjelpemiddel.